



Tor Åge Ryland  
Dalstøvegen 27  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/906 - 17/7690

Saksbehandlar:  
Marianne Aadland Sandvik  
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.  
no

Dato:  
20.04.2017

## Førehandsvarsel - GBNR 18/57, 63 - Krav om tilknytning til kommunalt VA-anlegg i Dalstø

Meland kommune viser til brev datert 1.10.2008 der vi informerte om framføring av kommunal vass- og kloakkledning til området Sandskaret – Dalstø, samt om rutinar for tilknytning, og til brev datert 6.7.2010 der vi svarte på din søknad om fritak frå tilknytingsplikta.

VA-anlegget Sandskaret – Dalstø var ferdigstilt i desember 2009, og dei fleste grunneigarane er no kople til. Meland kommune ønskjer at flest mogleg skal få ei god og sikker vassforsyning og avlaupsløysing, og det er difor investert store summer for å få bygd ut vass- og avlaupsnett i kommunen. Kommunestyret sitt prinsippvedtak, datert 23.1.2008, inneber at alle eigedomar som ligg i ein avstand av 200 meter frå kommunal hovudledning vert pålagt tilknytning.

Viss tilknytning vil medføre ein «uforholdsmessig stor kostnad» kan kommunen godkjenne ei anna ordning, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2. Vi minner i den samanheng om at tilknytingsgebyret for vatn pr. 1.1.2017 er på kr 20 000,- + mva og for avlaup kr 20 000,- + mva, jf. Meland kommune sitt gebyrregulativ. Grunneigar må sjølv kosta private stikkledningar.

Dette er eit førehandsvarsel, jf. forvaltningslova § 16. Viss vi ikkje høyrer frå deg innan **fredag 12.5.2017** vil vi vurdere å fatte vedtak om krav til tilknytning til det kommunale VA-anlegget på bakgrunn av føreliggjande dokumentasjon.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Mottakere:**  
Tor Åge Ryland

Dalstøvegen 27 5918

FREKHAUG